

God aktivitet i Storfjordlangrenn

Laurdag 21.april hadde Storfjordlangrenn sin årlege avslutningstur. På grunn av vertilhøva vart det ikkje topptur i år, men eit alternativt opplegg ved alpinbakken på Overøye. Dette vart likevel ein bra dag med kjekk aktivitet. Utover dagen vart også veret betre og både utøvarar og støtteapparat var godt nøgde med samlinga. Dagen vart avslutta med Tacomåltid på Nilsgardstunet der det også vart avvikla årsmøte.

Frå årsmeldinga kjem det fram at aktiviteten har vore god. Som tidlegare år har dei også denne sesongen gjennomført seks samlingar, der dei to siste var på snø – høvesvis på Dombås og Bjarli.

Årets trenarar har vore Lars Anders Hoel og Hans Martin Gjedrem. Eit særskilt godt team med høg kompetanse. Dei har hatt ein fin gjeng på 20-22 utøvarar frå åtte ulike klubbar å jobbe med. Det er den første sesongen med tilbod til fire årgangar, så aldersspennet er stort, men utøvarane har fått oppfølging ut frå eige nivå.

Utøvarane har hatt ei fin utvikling og det har gitt mange gode resultat! I Storfjordlangrenn er det fleire som kan vise til særskilt gode plasseringar både i regionale og nasjonale renn.

Dei to siste sesongane har det også vore tilbod om enkelte kveldsøkter saman med elevane ved skigymnaset på Stranda. Pål Bjørn Øvrebust har vore trenar og pådrivar for dette fine samarbeidet.

Engasjerte ressurspersonar i støtteapparatet er viktig og Storfjordlangrenn har gode folk i styret: Ny leiar er Runar Gretland frå Hovdebygda IL og med seg har han Finn Thorer Kjos (ÅIF), Unni Ytredal (Stranda IL) og Jan Ole Fuglem (Valldal IL). Dei inviterer snart klubbane til å melde inn nye kandidatar og er i full gang med planlegginga av komande sesong.



Bilde 1:

Her er dei fleste i Storfjordlangrenn-troppen samla til fellesbilde under Dombåssamlinga i november.
Trivel og skiglede!